

## Retningslinjer for Møre og Romsdal fylke sin miljøpris.

1. Møre og Romsdal fylke skal kvart år dele ut ein miljøpris. Miljøprisen skal vere ein stimulans til miljøarbeidet i Møre og Romsdal, og blir tildelt for særleg fortjenestefullt arbeid innafor områda berekraftig utvikling, klima, biomangfald, forureining eller alternativ og fornybar energi.
2. Miljøprisen er eit kunstverk utforma av ein kunstnar frå Møre og Romsdal og 15 000 kroner.
3. Miljøprisen blir gjort kjent gjennom annonsering i lokalavisene i fylket. Av annonseteksten skal det gå fram at prisen kan tildelast enkeltpersonar, grupper, organisasjonar, skolar, bedrifter, institusjonar, kommunar eller andre som har gjort ein særleg god innsats for miljøarbeidet i fylket.
4. Grunngeve forslag på kandidat til miljøprisen blir å sende Møre og Romsdal fylke, sekretariatet for regional-og næringsutvalet. Bedrifter, organisasjonar, kommunar, enkeltpersonar, aviser med fleire blir oppmoda om å kome med framlegg på aktuelle kandidatar til miljøprisen. Regional og-næringsutvalet kan også sjølv finne fram til aktuelle kandidatar.
5. Regional-og næringsutvalet tek avgjerd om tildeling av miljøprisen. Leiaren i regional-og næringsutvalet grunngev pristildelinga og fylkesordføraren overrekkjer prisen under fylkestingsamlinga i desember.